

Nordhordland Veteranbåtlag

5993 OSTEREIDET

Bergen og Omland Havnevesen

Ostereidet 18.02.2020

Nøstegaten 30

5006 BERGEN

MERKNAD TIL SØKNAD OM UTVIDING AV FLYTEBRYGGJE I BJØRSVIK, ALVER KOMMUNE.

Nordhordland Veteranbåtlag er gjort kjent med vedtak frå Alver kommune, ref. 20/853 – 20/7154 om godkjenning av flytebrygge i Bjørsvik, Gbrnr: 231/70, datert 12.02 2020.

Vi registrerer at Nordhordland Veteranbåtlag (NV) ikkje er part i saka, dvs. ikkje har fått nabovarsel. Det kan ha si årsak i det tekniske at NV ikkje har noko G.br.nr. i Bjørsvik, men at DS Oster ligg ved den kommunale kaien i Bjørsvik.

Vi er gjort merksame på tiltaket via andre som har fått nabovarsel om utviding av flytebrygge.

Vi undra oss og over at leiar av Bjørsvik Båtlag sjølv har gjort vurderingane om det er plass til å snu DS Oster inne på Bjørsvikvågen etter ei eventuell utviding av flytebryggja.

Forklaring om dagens situasjon og manøvrering inne på havna.

I dag er det ca 62 m (forutsett at uliggjarar er 6 m som nevnt i ny søkand) mellom utliggjarane på flytebrygga og j.stg. som er plassert litt utforbi tvers av kaien der DS Oster har sin faste plass. Slik det er i dag bruker DS Oster ein velkjent og gammal metode for å snu inne i havnebassenget. Dette er ved å bruke spring over baug og går så fartøyet ut i ca 90° på kaien før ein bakker litt ut og bruker då dette tauet for å svinga baugen mot stb. I denne posisjonen må ein bakke litt før ein går forover. Ved denne akterovermanøver kjem ein i dag svært nærme eksisterande flytebrygge i det ein går forover med maskinen. Før bakk ansler ein at avstand i dag er ca 20-25 m. Som ein kuriositet kan ein nevna at denne manøveren er gjort på Bjørsvikvågen sidan DS Oster begynte å gå i rute her i 1908.

Slik situasjonen er i dag foregår denne manøveren med akseptabel risiko ved normale vind og straumforhold. Det er og stor forskjell på å gjera denne manøveren på fjære sjø i forhold til på flo sjø. På fjære sjø har ein berre ca 1-1,5 m vatn under kjøl inne i denne vågen. Dette gjer at manøveren kan verte sterkt påverka. I tillegg påverkar elva som kjem ut ved

kaihjørnet der DS Oster ligg. Denne har variert vassføring, men inne i denne trange vågen kan den setja opp betydeleg straum.

Ved Lerøy sitt smoltanlegg er det ein kai rett ut forbi elva. Frå hjørnet av kommunekaien der DS Oster ligg til denne kaien er det ca 30 m. Her har det lege forholdsvis store fartøy som er for djup til å liggja med kaien. Desse har då hatt ein liten lekter mellom seg og kaien. Dette gjer manøvrering inne på Bjørsvikvågen ekstra utfordrande og ein har berre marginal plass mellom fartøyet og j.stg. for passering med DS Oster. Frå kaifront her og til akseptabel djupne ved j.stg. er det ca 35 m. J.stg. står ca 37 m frå kaifront.


Ellers kan det synast som om foto frå Norgeskart merka 14460 i søknaden gir eit godt inntrykk over situasjonen. Her ligg eksisterande flytebrygge og DS Oster ved kai. Det ein ikkje ser på dette biletet er j.stg. plassering.

ENDRA SITUASJON VED EI EVENTUELL UTVIDING AV FLYTEBRYGGJA.

Dersom no flytebrygga skulle plasserast etter det som er omsøkt vert situasjonen endra. Ein vil då enda opp med ein klaring mellom DS Oster og flytebrygge (utliggjarar) på ca 6-8 m før akterovermanøveren. Alle med litt innsikt i manøvrering av fartøy forstår at dette er altfor lite og at den nye flytebryggja kjem i direkte konflikt med manøvrering inne på Bjørsvikvågen slik den er planlagt.

Ein slik manøver vil ikkje kunna utførast med akseptabel risiko ved normale vind og straumtilhøve.

KARTUTSNITT AV BJØRSVIKVÅGEN.



Situasjonen er teikna inn så godt det let seg gjera på ENC kart over med grunnlag i skisser og kart i søknad.

Eksisterande flytebyggje viser i kartet som ein tynn gråsvart strek. I frå same landfeste har eg teikna inn "ny" flytebyggje med svart tjukk strek på 48 m. Utliggjar på 6 m er teikna inn med tynn svart strek. DS Oster er 38 m (grønn tjukk strek). Baugtau som ein bruker til å snu med er teikna inn med raud tynn strek. Avstand baug- kai før akterovermanøver er ca 8-10 m.

Her ser ein og j.stg. og kai ved Lerøy sitt smoltanlegg som nevnt over.

Med grunnlag i forklaring og ENC utklipp av situasjonen seier seg sjølv at manøvreringsforholda er trange nok inne på Bjørsvikvågen som dei er i dag.

Nordhordland Veteranbåtlag imøteser ei positiv vurdering av vår merknad som dokumentert over.

Med helsing

På vegne av styret i

Nordhordland Veteranbåtlag

Bjarte Hindenes

Kopi:

Styreleiar Tor Johannes Bjørgås.